













Vekeplan for 7.steg, veke 44

		MÅNDAG 30/10		TYSDAG 31/10		ONSDAG 1/11		TORSDAG 2/11		FREDAG 3/11	
1	08.50 09.35	7A: Engelsk	7B Matte	7A Norsk	7B Engelsk	7A: Engelsk	7B: Norsk	7A: Norsk	7B: Engelsk	Elevfri dag Planleggingsdag for skulane i Sogndal 	
2	09.35 10.20	Bading i Sogndal	På skulen: Gr.2 Ta med gym/ dusje kleder	Tema: reise				7A: Matte			
3	10.35 11.30			Gr.1	Gr.2	7A: Matte	7B: KRLE	Matte			
4	12.00 12.45			Matte		Matte		Fellessamling			
5	12.45 13.30			Naturfag				K&H 			
6	13.45 14.30	Norsk		Musikk							
				LEKSEHJELP 14.30-15.30		LEKSEHJELP 12.45-13.45		Gunnvor studiedag. Send gruppemelding til Gunnvor og ein faglærer på trinnet.		Gunnvor studiedag. Send gruppemelding til Gunnvor og ein faglærer på trinnet.	
MATTE				Vekelekse: Gjer matteinnføring for veke 44. Bruk linjal, og pass på rett føring. Lever inn lekseboka seinast torsdag. Legg boka i leksebokkassen i klasserommet.							
ENGELSK				Inga lekse denne veka, men merk deg korleis ein seier og skriv datoen 31st of October 😊							
NORSK				Les andre utdrag av «fisken» (ca. fem sider kvar dag) 😊 Finn tydinga på desse orda: Farande, nødvendig, porsjonar, måper, kokeapparat. <u>Kan:</u> Øv på rettskriving på Salaby: https://skole.salaby.no/5-7/norsk/rettskriving/skriv-riktig-ord Denne oppgåva er valfri!							



Fag:	Tema og mål:
Norsk:	Vurdere ulike kjelder kritisk. Forklare kva åndsverk, opphavsrett og plagiering er. Oppgi kjelder i ei kjeldeliste.
Matematikk:	Kunne setje inn ein frekvenstabell og lage søyle, linje og sektor-diagram i Excel. Vite om og kunne bruke sentralmåla; median og gjennomsnitt.
Engelsk:	Life Down Under: Lese, lytte til og samtale om Australia; kjende attraksjonar, historie, urfolk, dyreliv osv...Vi førebur munnleg-digital PP-presentasjon om sjølvvald undertema.
KRLE:	Tema: Reise. Tverrfagleg temaarbeid i samfunnsfag, KRLE og norsk knytt til leirskuleopplegget i veke 35.
Samfunnsfag:	Tema: fakta om Australia; geografi, kjende attraksjonar, historie, urfolk, dyreliv osv. Bruk av kjelder.
Musikk:	Mellomtrinnet musiserer: Læra eit repertoar av songar, andre vokale uttrykk og dans frå samtida og historia
Naturfag:	Tema: Lære om, bruke og finne informasjon om Tungestølen, Veitastrand og Austerdalsbreen som skal brukast i presentasjonen de lagar.
Kunst og handverk:	byggje og eksperimentera med stabile konstruksjonar. Bruke ulike handverktøy og elektriske verktøy for å bearbeida og samanføya harde, plastiske og mjuke materialar på ein trygg og miljøbevisst måte.
Kroppsøving:	Bading: Utføre grunnleggjande teknikkar i symjing på magen, på ryggen og under vatn

Meldingar til heimen

Måndag er det bading i Sogndal for gruppe 1: **Tarjai, Øyvind, Lukas, Victor, Alexander, Johannes, Leah, Eirin, Eili, Sara, Julie, Fatima, Helge, Håvard og Elias.** Ta med mat og badeklede + datamaskin.

Gruppe 2 er att på skulen då me ikkje har tilgang til klasserommet på Kvåle. Hugs datamaskin og gym/dusjklede.

I naturfagen er vi med på eit prosjekt som heiter «aksjon gjenvinning» frå 30.10- 17.11. I desse tre vekene skal elevane samla inn aluminiumsemballasje heime. Dei skal ikkje ta den med på skulen, men levera den til gjenvinning. Elevane får med seg heim rapporteringskort som dei skal levera til lærar i slutten av veka. Denne veka MÅ rapporteringskortet leverast på torsdag.

7B startar med utviklingssamtalar denne veke. Sei i frå dersom oppsett tid ikkje passar. 😊
Fredag er det elevfri dag etter skuleruta.

Mvh Odd Ivar og Gunnvor



Odd Ivar Rygg 7A
e-post: odd.ivar.rygg@sogndal.kommune.no
Mobil: 948 33 011

Gunnvor Tisthamar Røysum 7B
e-post: gunnvor.tisthamar@sogndal.kommune.no
Mobil: 951 60 980